

## Informasjon til foreldre/føresette på Bryne skule - fredag 26.04

Hei alle

Her er litt oppdatering og info frå skulen

### Neste skuleår

Våren er i anmarsj og me er godt i gang med å planleggja neste skuleår. Slik det ser ut pr. i dag startar 54 elevar i første klasse til hausten.

I tilsettingrunden har me opplevd Bryne skule som ein attraktiv arbeidsplass og hatt fleire gode søkjarar på ledige stillingar. Det er kjekt. Elin Aanestad starta som kjent opp som ny avd.leiar på mellomtrinnet (5.-7.trinn) i mars. Ho er no godt i gang med å bli kjent med elevar og tilsette. Det ligg i desse dagar ute endå ei utlysing på stilling som avdelingsleiar. Dette er ei ny stilling for å utvida leiar-teamet på skulen. Me gjer dette for å styrka laget og sikra god oppfølging. Eg håpar me får mange gode søkjarar på den utlysinga også!

### Oppgradering av SFO-kjøkkenet - arbeid på skulen

Slik eg varsla i tidlegare infoskriv blir SFO-kjøkkenet oppgradert til storkjøkken standard. Dette er ei etterlengta oppgradering, og no startar arbeidet opp. Det blir nok i periodar både litt lyd og områder avsperra med byggegjerder. Men, me skal sørja for å tryggja elevane godt undervegs. Me er veldig glad for at dette arbeidet startar opp og at me kan møta nytt skuleår med flunkande nytt SFO-kjøkken!

#### **Info frå SFO i byggeperioden:**

- Frokostklubben flytter til kjelleren. Bruk grøn dør inn til SFO
- Mat på SFO blir levert opp i klasserom for 1. og 2.trinn. Det blir brød og frukt i denne perioden.

### Ta vare på skulen vår

Dei siste vekene har eg hatt ein runde innom i dei eldste klassane og snakka litt om dette å ta vare på skulen vår. Det er ein flott skule, men me må saman ta vare på den og halde den ryddig/fin. Det har i periodar vore noko hærverk og tagging. Eg har fortalt elevane at uhell kan skje, men at det ikkje er greit dersom nokon med vilje øydelegg ting på skulen. Eg har blitt enig med elevane (både i klassane og elevråd) at det i slike saker kan bli nødvendig å erstatte og/eller bli med å fikse opp det som vart øydelagt. Det har vore lite hærverk etter dette.

### Skulebruksplan

Som de kanhende har lese i media held Time kommune for tida på med å vedta ein ny skulebruksplan. I denne saka er det særleg to områder me som skule er bedne om å gje uttale:

- Faste kringsgrenser
- Skulestruktur

Elevråd og samarbeidsutval ved skulen har jobba med dette. Svaret frå Bryne skule er at me støttar faste kringsgrenser (men at det kan vera mogleg å søka om skulebyte ved spesielle grunnar). I saka om skulestruktur har ikkje skulen teke stilling til om skulestrukturen (antal skular) skal endrast. Bryne skule viser til "Kaupang-rapporten" som peikar på at skulane i Time over tid har vore underfinansiert. Bryne skule legg i svaret sitt om skulestruktur vekt på at det viktigaste for vår skule er at finansieringa av skulen står i forhold til oppgåvene våre.

**Ønsker all ei god helg og ikkje vent med å ta kontakt om du/de har noko de ønsker å ta opp med skulen!**

Helsing

Jone Siqveland, rektor